



DEN NORSKE KYRKJA

Ullensvang kyrkjelege fellesråd

PROTOKOLL FRÅ MØTE I ULLENSVANG KYRKJELEGE FELLESRÅD 28.02.20

ODDA SOKNEHUS KL. 10:30 – 12:00

Til stades: Lars O. Seim (leiar), Tørres Mæland (nestleiar), Airin Nesse (medlem), Torhild A. Kristensen (medlem), Steinar Tokheim (medlem), Kari B. Eitrheim (medlem), Torbjørn Bjotveit (medlem), Arild Hellesøy (vara for geistleg representant), Kristin Elisabeth Horne Moe (vara for kommunal representant), Gerd R. Bu (ass. kyrkjeverje), Liv Eirill Evensen (kyrkjeverje).

Forfall: Torbjørn Dagestad. Margrethe Ølberg Røed, vara Arild Hellesøy møtte.

Kjellaug Hoås Samland, vara Kristin Elisabeth Horne Moe møtte.

Godkjenningar:

- * Godkjenning av referat frå fellesrådsmøte 17.01.20. Signering av møtebok.
- * Godkjenning av innkalling og sakliste

Meldingar:

M1/20 Høyringsuttale frå kyrkjeverja i Ullensvang – detaljreguleringsplan for Almerket, Ullensvang kommune

M2/20 Søknad om godkjenning – endringar i interiøret (dåpssakristi og prestesakristi), Utne kyrkje

Vedtaksaker:

02/20 Budsjettendringar. **Ikkje offentleg – brannvern.**

- 03/20 Årsrekneskap 2019, Odda kyrkjelege fellesråd
- 04/20 Årsrapport 2019, Odda kyrkjelege fellesråd
- 05/20 Utlysing av ledige stillingar: Diakon 100 %. Kantor/organist 100 %. Trusopplærer/
barne- og ungdomsarbeidar 60 %.
- 06/20 Reglement for utleige og betaling for bruk av kyrkjer og gravkapell i Ullensvang
kommune (2. gangs handsaming)
- 07/20 Oppseiing av 15 % av 75 % stilling som kantor.

Synfaring i Odda kyrkje etter møtet.

02/20 Budsjettendringar. **Ikke offentlig, brannvern** Offentleglova § 24.3

03/20 Årsrekneskap 2019, Odda kyrkjelege fellesråd

Vedlegg:

Driftsrekneskap 2019

Investeringsrekneskap 2019

Balanse 2019

Saksbakgrunn:

Årsrekneskapen for tidlegare Odda kyrkjelege fellesråd viser eit positivt netto driftsresultat (overskot) på kr. 287 832.

Investeringsrekneskapen viser eit positivt netto driftsresultat (overskot) på kr. 26 800.

Odda kyrkjelege fellesråd går vidare «ut av historia» og inn i den nye alliansen med kr. 489 074 i disposisjonsfond og kr. 408 404 i bundne fond.

Det positive driftsresultatet skuldast mellom anna om lag 100 000 kroner meir inn i kremasjonsavgift enn budsjettert, og sjukelønsrefusjon på kr. 84 907. Større utgifter til vikar/ekstrahjelp må sjåast i samband med sjukelønsrefusjonen.

Kyrkjeverja har henta inn ekstern hjelp til rekneskapen, i tillegg til Tveit rekneskap. Lønna til ekstern rekneskapshjelp er dekkja gjennom tapt arbeidsinntekt for kyrkjeverja den tida ho har vore meddommar i lagmannsretten.

Årsrapporten med notar til rekneskapen gjev eit detaljert bilete av aktivitetane og rekneskapen i Odda kyrkjelege fellesråd i 2019. Aktivitetsnivået har vore høgt, til tross for mykje arbeid med fellesrådssamanslåing og kyrkjeval i året som gjekk.

Forslag til vedtak:

1. Rekneskapen med notar for Odda kyrkjelege fellesråd 2019 vert godkjend for oversending til revisor.
2. Rekneskapsmessig mindreforbruk (overskot) i driftsrekneskapen vert avsett til disposisjonsfond.
3. Rekneskapsmessig mindreforbruk (overskot) i investeringsrekneskapen vert avsett til bundne fond, «Røldal kyrkjefond».
4. Når årsoppgjersbrev og revisjonsmelding frå revisor ligg føre, vil dei gå som meldingar til fellesrådet, under føresetnad av at det ikkje vert endringar i rekneskapen.

Handsaming:

-

Vedtak:

1. Rekneskapen med notar for Odda kyrkjelege fellesråd 2019 vert godkjend for oversending til revisor.
2. Rekneskapsmessig mindreforbruk (overskot) i driftsrekneskapen vert avsett til disposisjonsfond.
3. Rekneskapsmessig mindreforbruk (overskot) i investeringsrekneskapen vert avsett til bundne fond, «Røldal kyrkjefond».
4. Når årsoppgjersbrev og revisjonsmelding frå revisor ligg føre, vil dei gå som meldingar til fellesrådet, under føresetnad av at det ikkje vert endringar i rekneskapen.

Samrøystes.

Vedlegg:

Årsrapport 2019, Odda kyrkjelege fellesråd

Saksbakgrunn:

Det er utarbeidd årsrapport for rekneskapsåret 2019, Odda kyrkjelege fellesråd. Det er det nye fellesrådet som skal handsama rapporten. I 2019 fekk fellesrådet gjort unna mykje arbeid som hadde stått på vent i fleire år, grunna rekneskapsoverskot frå året før. Det var viktig for det gamle fellesrådet at det nye fellesrådet skulle starte på «ny frisk» utan for mykje restanse i vedlikehaldsoppgåver for Odda sin del.

Rapporten er oppdelt på funksjon og inneheld tidlegare kyrkjeverje sine merknadar til rekneskapen. Sjå vedlegg.

Forslag til vedtak:

Ullensvang kyrkjelege fellesråd godkjenner årsrapport 2019 for Odda kyrkjelege fellesråd for oversending til kontroll hos revisor saman med årsrekneskapen.

Handsaming:

-

Vedtak:

Ullensvang kyrkjelege fellesråd godkjenner årsrapport 2019 for Odda kyrkjelege fellesråd for oversending til kontroll hos revisor saman med årsrekneskapen.

Samrøystes.

**05/20 Utlysing av ledige stillingar: Diakon 100 %. Kantor/organist 100 %. Trusopplærer/
barne- og ungdomsarbeidar 60 %.**

Vedlegg:

Stillingsannonse Diakon 100 % fast stilling

Stillingsannonse Kantor/organist 100 % fast stilling

Stillingsannonse Trusopplærer/barne- og ungdomsarbeidar 60 % fast stilling

Saksbakgrunn:

Ullensvang kyrkjelege fellesråd har tre ledige stillingar:

* Diakonstilling 100 %, fullt finansiert gjennom 50 % støtte frå bispedømerådet og 50 % støtte frå kommunen. Stillinga er opphavleg knytt til dei fire sokna i det gamle Odda kyrkjelege fellesråd. Den nye diakonen vil måtte orientera seg i det nye fellesrådsområdet med 8 sokn, men det vil nok vere ulike oppgåver i dei. Diakonen vil ha hovudkontor i Kinsarvik grunna manglande kontorplass i Odda, men kontordagar i Odda vil ein leggje inn.

* Kantor/ organist 100 % stilling, knytt til sokna i gamle Ullensvang kyrkjelege fellesråd, Ullensvang, Kinsarvik og Utne kyrkjer.

* Trusopplærer 60 %. Stillinga vil verte knytt til dei fire sokna Ullensvang, Kinsarvik, Utne og Jondal. Kyrkjeverja har funne fram til prosentstorleiken på denne stillinga i dialog med bispedømerådet. Den skal vere 100 % finansiert gjennom trusopplæringsmidlar, mogeleg med nokre overføringar frå gjevarteneste og midlar frå fond.

Kyrkjeverja har utarbeidd stillingsannonser for dei tre stillingane. Den 20.01.20 gjekk utlysingstekstane ut på høyring:

«Denne e-posten går til alle sokneråda ved leiarane,

De er inviterte til å levera inn høyringsuttale til utlysingstekst til tre ledige stillingar som etter planen skal lysast ut etter handsaming i administrasjonsutval og fellesråd 28.02.20.

Innspel som kjem inn skal vurderast i samband med sakshandsaminga.

Meld inn innspel til kvar av stillingane separat til post@ullensvang.kyrkjer.no innan torsdag 30.01.20 kl. 09:00 (NB – endeleg frist).

Merk at organiserte medarbeidarar er eigen (separat) høyringsinstans.

Lukke til og takk for innspel!»

På same måten gjekk det ut høyringsbrev til alle dei tilsette som er organiserte, grunna manglande tillitsvaldordning i det nye fellesrådet.

Innan fristen var det ikkje kome inn nokre uttalar. Dermed har kyrkjeverja berre gjort 2 små endringar i annonsane, dette gjeld tittelen på stillinga som trusopplærer/ **barne- og ungdomsarbeidar** (utheva tekst lagt til), og endringa «Ullensvang kommune ligg om lag **2,5** timer frå Bergen» (endra frå 3 timar).

Forslag til vedtak:

1. Ullensvang kyrkjelege fellesråd godkjenner utlysingsteksten til stillinga «100 % diakon» slik han ligg føre. Stillinga skal lysast ut eksternt.
2. Ullensvang kyrkjelege fellesråd godkjenner utlysingsteksten til stillinga «100 % kantor/organist» slik han ligg føre. Stillinga skal lysast ut eksternt.
3. Ullensvang kyrkjelege fellesråd godkjenner utlysingsteksten til stillinga «60 % trusopplærer/barne- og ungdomsarbeidar» slik han ligg føre. Stillinga skal lysast ut eksternt.
4. Kyrkjeverja får mandat til å utarbeide kortversjon av annonsane og lyse ut stillingane der ho finn det formålstenleg. Langversjonen skal liggja på fellesrådet sin nettstad.
5. Tilsetjingsutvalet vert fellesrådsleiar, kyrkjeverje, geistleg representant og ein tilsettere representant frå administrasjonsutvalet.

Uttale i administrasjonsutvalet:

Administrasjonsutvalet hadde ingen merknader til dei tre utlysingstekstane.

Handsaming:

-

Vedtak:

Samrøystes.

Vedlegg:

Reglement for utleige og betaling for bruk av kyrkjer og gravkapell i Ullensvang kommune

Søknadsskjema, leige av kyrkje i Ullensvang

Saksbakgrunn:

Ullensvang kyrkjelege fellesnemnd handsama reglement for utleige og betaling for bruk av kyrkjer og gravkapell i Ullensvang kommune i sak 028/19 den 04.11.19. Reglementet vart etter vedtak sendt til bispedømerådet for godkjenning. Som svar fekk kyrkjevevja ein del tilbakemeldingar om moglege justeringar av reglementet. Det var mellom anna nokre punkt som ikkje trengte å stå, og punkt som bispedømerådet meinte var gjentakande.

Reglementet har etter dette vore til bispedømerådet igjen, og justert på ny i 2020. No kan ikkje endringane etter fellesnemnda sitt vedtak i november 2019 seiast å berre vere av kosmetisk art lenger, slik at dokumentet må attende til fellesrådet for ny godkjenning.

Kyrkjemøtet fastsette "Reglar for bruk av kirkene" i 15.april 2015. All utleige av kyrkjene i Noreg skal gjerast i tråd med desse reglane.

Det vedlagte reglementet for utleige og betaling for bruk av kyrkjer og gravkapell i Ullensvang kommune gjeld ved utlån/ leige av kyrkja og ved presten sin bruk av kyrkja til kyrkjelege handlingar.

Reglementet er utforma så enkelt som mogeleg. Fellesrådet lyt merke seg at Berjaflot gravkapell i Odda er rekna som ein del av den offentlege gravferdsforvaltninga, og både medlemar og ikkje-medlemar av kyrkja skal få nytte kapellet gratis til gravferd eller bisetjing, om dei var busette eller hadde familie i rett opp- eller nedstigande line i kommunen då dei døydde. Kyrkjene kan ikkje nyttast til ikkje-kyrkjelege gravferdshandlingar, men det kan kapellet.

Forslag til vedtak:

1. Ullensvang kyrkjelege fellesråd godkjenner reglement for utleige og betaling for bruk av kyrkjer og gravkapell i Ullensvang kommune
2. Ullensvang kyrkjelege fellesråd ber kyrkjevevja oversende reglementet til bispedømerådet for godkjenning.

Handsaming:

Tre endringar vart tekne opp og vedtekne:

* «Dette omfattar og *Berjaflot Gravkapell.*»

* 4.2: Nytt ordlyden i 3.2. «For dei som ikkje kjem inn under punkt 4.1 ...»

* 4.3: Endra «kyrkja» til «kyrkjene».

Vedtak:

1. Ullensvang kyrkjelege fellesråd godkjenner reglement for utleige og betaling for bruk av kyrkjer og gravkapell i Ullensvang kommune med dei tre endringane som er tekne opp.

2. Ullensvang kyrkjelege fellesråd ber kyrkjeverja oversende reglementet til bispedømerådet for godkjenning.

07/20

Oppseiing av 15 % av 75 % stilling som kantor

Saksbakgrunn:

Kantor i Jondal, Anne Karin Stormyr, har sagt opp 15 % av stillinga si som kantor i Jondal. Ho har i dag 75 % stilling, men har i perioden 01.01.20 – 01.08.20 permisjon i dei same 15 % som ho no ynskjer å seie frå seg.

Det er i utgangspunktet ikkje slik at ein tilsett fritt kan seie opp delar av stillinga si, men i dette høvet vurderer kyrkjeverja at ei 60 % stilling som kantor framleis er stor nok for eitt sokn. Til samanlikning har dei andre kyrkjene/sokna i fellesrådsområdet organiststillingar i +/- 40 % kvar.

Med bakgrunn i ein situasjon med innkjøpsstopp og økonomisk nøysemd i fellesrådet, tilrår kyrkjeverja at oppseiinga vert godkjent, og at dei 15 % vert inndregne.

Forslag til vedtak:

1. Ullensvang kyrkjelege fellesråd godtek oppseiing av 15 % stilling som kantor i Jondal. Stillinga «kantor i Jondal» kjem då på 60 %.
2. Dei 15 % som går ut av stillinga vert inndregne og fjerna frå organisasjonskartet.

Uttale i administrasjonsutvalet:

Administrasjonsutvalet tilrårde endring i vedtakspunkt 1: Ullensvang kyrkjelege fellesråd godtek oppseiing av 15 % stilling som kantor i Jondal frå 01.03.20.

Administrasjonsutvalet tilrårde endring i vedtakspunkt 2: Dei 15 % som går ut av stillinga vert ståande vakante i organisasjonen inntil vidare.

Handsaming:

Ullensvang kyrkjelege fellesråd vil ta initiativ til eit møte i Jondal i nær framtid.

Vedtak:

1. Ullensvang kyrkjelege fellesråd godtek oppseiing av 15 % stilling som kantor i Jondal frå 01.03.20. Stillinga «kantor i Jondal» kjem då på 60 %.
2. Dei 15 % som går ut av stillinga vert ståande vakante i organisasjonen inntil vidare.

Samrøystes.